



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	16.11.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		21/1283

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL AKTIVITETS-/KLATREPARTK PÅ STAMNES

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Aktivitetspark/klatrepark på Stamnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil kr. 22 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å utvikle aktivitets- og klatreparken i Kulshamarane på Stamnes. Løyvinga utgjer 64 % av søknadsbeløpet på kr. 34 273,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast fra utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Det vert sett følgjande vilkår for tildeling av midlar.

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Løyve frå grunneigar må ligge føre.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarende tilskotsbeløpet. Kostnadane må vere knytt til tiltak i søknaden. Delutbetaling kan gjennomførast på førespurnad.

Sluttrapport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal,H:

BU løyver 20.000,- til klatrepark

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 24/2021

BYG - Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak som var ført inn i møteportalen vart ikkje lagt fram i saka, men trekt tilbake.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

BYG - Tiltråding/Vedtak:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil kr. 22 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å utvikle aktivitets- og klatreparken i Kulshamarane på Stamnes. Løyvinga utgjer 64 % av søknadsbeløpet på kr. 34 273,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Det vert sett følgjande vilkår for tildeling av midlar.

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Løyve frå grunneigar må ligge føre.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttraport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarende tilskotsbeløpet. Kostnadane må vere knytt til tiltak i søknaden. Delutbetaling kan gjennomførast på førespurnad.

Sluttraport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 210 000,- til fordeling ved søknadsomgangen i oktober 2021.

Stamnes Idrettslag søker om kr. 34 273,- i bygdeutviklingsmidlar til å utvikle aktivitets-/klatreparken i Kulshamaren på Stamnes (100 % finansiering). Born er hovudmålgruppa for tiltaket.

Kommunedirektøren finn at søknaden er i samsvar med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og går inn for å løyve inntil kr. 22 000,- til tiltaket. Dette utgjer 64 % av søknadssummen og "godkjend kostnad".

Framlegget til stønadsbetøp er gjort etter ei samla vurdering av innhaldet i søknaden, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med kr. 500 000,- til fordeling i 2021. Til møtet i november står det att kr. 210 000,- til disposisjon.

I søknad av 29.09.21 søker Stamnes Idrettslag, v/ Kent Amundsen, om kr. 34 273,- i bygdeutviklings-midlar til aktivites-/klatreparken i Kulshamaren på Stamnes. Det vert søkt om 100 % finansiering av kostnadane, som fordeler seg slik:

· Gjennomførte innkjøp	
· · Zipline	: kr 2 790,-.
· · Gjerde	: kr 8 081,-.
· · Tau/presenning	: kr. 1 696,-
· · Ny Zipline	: kr. 4 706,-
· Planlagte innkjøp	
· · Material til rampar, stativ og platå	: kr. 10 000,-
· · Kantklyppar/maskin til å rydde skog	: kr. 7 000,-
SUM	: kr. 34 273,-

Føremålet med tiltaket er å stimulere til leik og klatring. I tillegg til etablering av zip-line, er planen å lage ei løype med klatretau, hengebruver m.m. i terrenget. Søkjar vil stå for tilsyn/rydding av området. Det er henta inn samtykke frå grunneigar.

Området ligg i gangavstand frå Stamnes oppveksttun, og vert nytta av borna som går der.

Alt arbeid med tilrettelegging og drift skal gjerast på dugnad av medlemene i idrettslaget. Eigeninnsatsen er ikkje spesifisert eller inkludert i søknaden.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakhandsamingsreglar.
- «Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne den 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling>

Vurdering og konsekvensar

Søknaden frå Stamnes Idrettslag vert vurdert å vere i samsvar med retningslinene for tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna friviljuge lag/organisasjonar).

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast støtte til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Tiltaket det vert søkt om finansiering til, handlar om å utvikle aktivitets- og opplevingstilbodet for born på Stamnes. Kommunedirektøren vurderer at tiltaket er i samsvar med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og at det er grunnlag for å løyve tilskot.

Med bakgrunn i vedlagt kostnadsoverslag, vert "godkjend kostnad" med tiltaket sett til kr. 34 273,-

Det er kome inn mange søknadar til gjeldande søknadsomgang, og samla søknadsbeløp er langt større enn tilgjengelege tilskotsmidlar. Ei prioritering er difor naudsynt.

Retningslinene seier at det ved prioritering skal takast omsyn til geografisk fordeling av midlane, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. I denne samanheng har idrettslaget fått kr. 15 000,- til innkjøp av kajakkar m.m. I tillegg har laget søkt om midlar til "AllAktivitetshuset" på Stamnes ved denne søknadsomgangen. Her er det innstilt på kr. 32 000,- i tilskot. Jamfør eigen søknad.

Gjennom søknadane om bygdeutviklingsmidlar viser idrettslaget stort engasjement for å gjennomføre aktivitets- og trivnadsfremjande tiltak i bygda, spesielt for born og unge. Dette er svært positivt, og samsvarer med kva midlane skal legge til rett for. Samstundes må det ved saks-handsaming takast omsyn til fordeling av midlar mellom tiltak og bygder i kommunen. Søknaden frå idrettslaget vert difor vurdert ut frå dette forholdet.

Med bakgrunn i kriteria for løyving, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, er framlegget å løyve inntil kr. 22 000,- til å utvikle aktivitets- og klatreparken i Kulshamaren på Stamnes. Dette er om lag kr. 12 000,- mindre enn kva det vert søkt om. Tildelinga vil utgjer 64 % av søknadssummen og budsjettet kostnad.